

# KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato 19.04.2018 kl. 16.05  
Møtestad: formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Ole Jørgen Sve, Anne Melgaard Tårn og Eva Rinde Habostad.

= **4 voterande**

Helge Kvame hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.  
Frå Kommunerevisjon 3 møtte revisor Svein Ove Otterlei.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

---

### **SAK 01/18** **Godkjenning av møtebok frå møte 13.11. 2017**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. november 2017 blir godkjent.

---

### **SAK 02/18** **Vedkomande refusjonar Svemorka**

Leiar Inge Gjærde foreslo å endre sakas tittel frå «sak 02/18 vedrørande KU – sak 07/17 og 11/17 Refusjonar Svemorka» til «sak 02/18 Vedkomande Refusjonar Svemorka».  
Kontrollutvalet slutta seg samrøystes til leiars forslag og dette vart endra.

Innstilling datert 12.04.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Sekretariatets forslag til vedtak:

**Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med slik innstilling:**

**Kommunestyret tar saka til orientering.**

På vegne av kontrollutvalet fremma leiar Inge Gjærde fylgjande alternative forslag:

**Kontrollutvalet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:**

**Kommunestyret tek rapporten frå revisjonen og saksutgreiinga frå kontrollutvalet til orientering.**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

**Kontrollutvalet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:**

**Kommunestyret tek rapporten frå revisjonen og saksutgreiinga frå kontrollutvalet til orientering.**

---

**SAK 03/18**

**Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Stranda kommune.**

Innstilling datert 12.04.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

**Kontrollutvalet tek saka til orientering.**

---

**SAK 04/18**

**Oppdatering angående eigarskapskontroll av Stranda Energi AS, Stranda Eigeomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS.**

Saka frå kontrollutvalsekretariatet vart lagt fram som orientering utan innstilling.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

---

**SAK 05/17**

**Årsrapport 2017 Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 12.04.2018

Innstilling datert 12.04.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt vedtak:

**Kontrollutvalet tek saka til orientering.**

Leiar Inge Gjærde fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande utsetjingsforslag:

**Saka blir utsett til neste møte i kontrollutvalet den 14. mai 2018. Kontrollutvalet ynskjer at rådmann/økonomisjef gir ei orientering om rapportens punkt 4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten.**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

**Saka blir utsett til neste møte i kontrollutvalet den 14.mai 2018. Kontrollutvalet ynskjer at rådmann/økonomisjef gir ei orientering om rapportens punkt 4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten.**

---

**SAK 06/18**

**Førespurnad frå Frank Sve; «bryt Ordføraren lovverket?»**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 12.04.2018

Saka lagd fram for kontrollutvalet utan forslag til vedtak.

Ole Jørgen Sve bad om å få vurdert habiliteten sin og fråtrekke møtet. Kontrollutvalet erklærte han inhabil på punkta 1 og 3 i spørsmålet frå Frank Sve. Kontrollutvalet meinte at Ole Jørgen Sve var habil i spørsmålet som omhandla viltnemnda.

Leiar Inge Gjærde fremja på vegner av utvalet fylgjande forslag til vedtak:

**Kontrollutvalet ber sekretariatet om ei generell utgreiing om ordførarens mynde og oppgåver ut frå gjeldande rett og praksis. Dette vil m.a. omhandle ordførarens rolle som ordstyrar/møteleiar, setting av dagsorden, protokollering, møte- og talerett, mynde til å treffe vedtak, binde kommunen, og forhold til sakshandsaming og innstillingsrett.**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

**Kontrollutvalet ber sekretariatet om ei generell utgreiing om ordførarens mynde og oppgåver ut frå gjeldande rett og praksis. Dette vil m.a. omhandle ordførarens rolle som ordstyrar/møteleiar, setting av dagsorden, protokollering, møte- og talerett, mynde til å treffe vedtak, binde kommunen, og forhold til sakshandsaming og innstillingsrett.**

## **SAK 07/18**

### **Nærare om viltfondet**

I sak 06/18 vart også viltfondet i Stranda kommune omtala. Leiar Inge Gjørde foreslo at dette blei ført opp som eiga sak 07/18 noko kontrollutvalet samtykka i.

Vidare fremja leiar fylgjande forslag på vegner av utvalet:

**Kontrollutvalet i Stranda ber Kommunerevisjon 3 sjå nærare på om bruken av viltfondet er i tråd med gjeldande lover, forskrifter og kommunestyrets forutsetningar.**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

**Kontrollutvalet i Stranda ber Kommunerevisjon 3 sjå nærare på om bruken av viltfondet er i tråd med gjeldande lover, forskrifter og kommunestyrets forutsetningar.**

---

Neste møte blei avtalt til tysdag 15. mai, kl. 16.30

Inge Gjørde  
leiar  
(sign.)

Ole Jørgen Sve  
medlem  
(sign.)

Anne Melgaard Tårn  
medlem  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)